

**Lindås Kommune  
Plan- og Miljøetaten**

postmottak@lindas.kommune.no

Knarvik, den 26.08.2019

**FRAMLEGG TIL  
KOMMUNEDELPLAN KNARVIK – ALVERSUND M/ALVERSTRAUMEN 2019-2031  
MERKNAD**

Vi viser til framlegg til kommunedelplan for Knarvik – Alversund m/ Alverstraumen som er lagt ut til offentlig høyring med frist for evt. merknader 27. august 2019.

Som eigar av Gjervikflaten gnr. 188, bnr. 5 er vi for det meste nøgde med planutkastet som no ligg til offentlig høyring. Det viktigaste for oss er å få ei avklaring av sjølve Gjervikflaten som i planforslaget er disponert til Næringsområde, merka område BN3 på plankartet.

Vi kjøpte eigedomen 188/5 i årsskiftet 2012/2013 med mål om å etablere nytt hagesenter på Gjervikflaten. Som kjent såkte vi om oppstart av reguleringsplan for området. Dette vart ikkje gjeve løyve til i påvente av ny revisjon av kommunedelplanen Knarvik – Alversund m/Alverstraumen. Dette har vi forhalde oss til i åra frå 2012 og fram til no.

Vi ser av planframlegget som no ligg føre at det er teke inn i planen ei bandleggingssone etter anna lov jf. Pbl. § 11-8 d (H710). Denne bandlegginga skal gje Statens vegvesen tid til eit endeleg val av trasè for ny E 39 med tilhøyrande kryssløysingar. For næringsområdet BN3 vil dette kunne skyve planane og bygging av nytt hagesenter mange år fram i tid. Vi appellerer kommuneadministrasjonen til å finna løysingar for at næringsområdet på Gjervikflaten kan gjennomførast så raskt råd er. Så langt vi kan lese forslaga til vegalternativ som vert tilrådd utgreidd vidare, så er det eitt av desse som går via Gjerdvik med halvt kryss i Knarvik og halvt kryss i Gjervik, jf. Silingsrapport utarbeidd av Statens vegvesen. I rapporten på side 33, er det vist ei løysing for korleis ny E39 kan etablerast med tilhøyrande kryss. Så langt vi kan sjå av dette materialet, vil ikkje Gjervikflaten bli særleg råka. Sjølv med rom for nokon justeringar av framlegget, vil planane truleg ta omsyn til og tilpassast neverande E39.

På grunnlag av dette, oppmodar vi Lindås kommune til å få avklara situasjonen på Gjervikflaten no gjennom eit samarbeid med Statens vegvesen. Det er viktig for Søderstrøm Hagesenter å få ei snarleg avklaring i Gjervik slik at verksemda kan få flytta til tenlege lokalar og utvikla seg vidare. Det er også viktig å få areala på Gjervikflaten klargjort for at andre verksemder som i dag ligg i Knarvik sentrum også kan flytte til Gjervik for å gje plass for kommunen sine planar for sentrum, jf. Sentrumsplanen.

Vidare ønskjer vi at boligområdet austover mot Gjervik, som var med i innspel frå oss 09.03.19 til endra arealbruk for Gjervikflaten 5 m.m. ved rulleringa av kommunedelplanen Knarvik-Alversund m/Alverstraumen, vert tatt med. Dette området er tilgrodd og til dels ganske bratt, og ikkje eigna som turområde. Område frå kaien i Gjervik og oppover dalen har kulturlandskap som er godt eigna til turområde m.m.

Med venleg helsing  
KT og OPI Invest AS/Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS

Torhild Vikebø Søderstrøm og Kristoffer Søderstrøm

J.O. Søderstrøm

Kristoffer Søderstrøm